

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

## **MØTEREFERAT ÅRLEG FELLESMØTE I FNF MØRE OG ROMSDAL**

**DATO:** Onsdag 5. mars 2014

**TID:** kl. 18:30-21:00

**STAD:** FNF sine lokaler i tribunebygget Molde gml stadion, Idrettsvegen 2, Molde

**FRAMMØTTE:** Hilde Hole frå Nordmøre og Romsdal krets KFUK-KFUM Speiderne, Synnøve Valle frå Norges Speiderforbund, Romsdal og Nordmøre krets, Geir Martinsønn Haugli frå Friluftsrådet for Ålesund og Omland, Atle Frantzen frå Molde og Romsdal turistforening, Håvard Dimmen frå Sunnmøre krins av Norges KFUK-KFUM-speidarar, Åsa Fredly og Jan Harry Aasen frå NJFF, Øystein Folden frå Naturvernforbundet og Ingbjørn Bredeli frå FNF.

Linda Flem frå ÅST, Ola Fremo frå FNR, Eirik Gudmundsen frå KNT og Petter Jensen frå Møre og Romsdal fylkeskommune (observatør) hadde meldt forfall.

---

## **SAKSLISTE FOR FELLESMØTET FNF 2014**

### **Sak 1 Godkjenne innkalling**


Innkallinga vart godkjent. For neste år blir det på sakslista sett opp val av møteiar, referent og underskrivar av protokollen.

### **Sak 2 Godkjenne årsmelding for 2013**

Årsmeldinga vart godkjent med mindre endringar.

### **Sak 3 Godkjenne rekneskap for 2013**

Rekneskapet blei godkjent slik det ligg føre med godkjent revisjon. For 2014 ønskjer ein følgjande endringar: Post tilskot til organisasjonane skal førast til utgifter prosjekt for 2014. Løn til koordinator må kome fram i rekneskapen, og fellesmøtet ber AU ta opp dette med arbeidsgivar FNR i 2014. Pensjon må spesifiserast i rekneskapet i 2014.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

#### **Sak 4      Budsjet 2014**

Fellesmøte ønskjer prinsippielt eit budsjett i balanse. Fellesmøtet endra noko på utgiftene; kontorleige endra frå kr 30 000 til 20 000, endra post datautstyr til kontorutstyr og kontorrekvisita frå kr 20 000 til 5 000, sette av kr 10 000 til friluftspris, auka prosjekt frå kr 10 000 til 30 000, reduserte tiskot andre organiasjonar frå 20 000 til 0, og endrar post fordeling kostn frå kr 50 000 til kr 15 000. Dvs at budsjettet viser eit underskot på kr 9 500.

Budsjettet blei vedtatt med eit underskot på kr 9 500.

Fellesmøtet ber elles AU å avklare med FNR ein del spørsmål rundt kontorleige osv.

#### **Sak 5      Handlingsplan for 2014**

For 2014 skal årsrapporten meir gjenspeile handlingsplana 2014. Elles vart handlingsplana godkjent med nokre små endringar.

#### **Sak 6      Val av nytt arbeidsutval (AU) FNF Møre og Romsdal**


Følgjande representantar vart vald for 2014:  
Naturvernforbundet - Øystein Folden  
NJFF – Åsa Fredly  
Speidarane – Synnøve Valle  
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal – Ola Fremo

Som leiar i FNF blei vald Åsa Fredly i NJFF.

AU får fullmakt til å velje ein repr frå turistforeningane.

#### **Sak 7      Friluftspris Møre og Romsdal**

Fellesmøtet vedtok å innføre Friluftsprisen Møre og Romsdal med følgjande statuttar:



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

1. Friluftsprisen for Møre og Romsdal er stifta av Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal.
2. Prisen vert delt ut til einskildpersonar, lag/organisasjonar, kommunar og liknande som har gjort ein stor innsats for å fremje friluftslivet lokalt og regionalt i Møre og Romsdal.
3. Prisen kan delast ut kvart år.
4. Arbeidsutvalet i FNF er jury for prisen. FNF sin koordinator er sekretær for juryen.

## **Sak 8      Eventuelt**

Ingen sak under eventuelt

Molde, 6. mars 2014

*Ingbjørn Bredeli*  
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv